



Hovudhuset på Skorpo slik det står no

Marit Langballe har no søkt kommunen om å få riva hovudhuset på gardsnummer 136 og bruksnummer 1 på Skorpo. Slik det står no er det ein fare for omgjevnadane. Taket er i ferd med å falle saman etter mange år med store vasslekkasjar.

Eigarane ser seg ikkje istand til å halda huset vedlike både grunna økonomi og fordi dei ikkje ser noko bruksområde. Kommunen har opplyst at huset vart bygd i 1828, men det har vorte utvida både i lengde, høgde og breidde oppover i generasjonane. Kva som er att av det opprinnelege huset er eigarane difor usikre på.

Dei har etterat dei overtok garden restaurert sjøhus, kårhus, eldhus og er iferd med å restaurera låve og fjøs. I motsetnad til hovudhuset har alle desse ein funksjon i samanheng med garden. Sidan garden ligg på ei øy, er det også store ekstrakostnadar med vedlikehald av garden. Alt må med båt og det må planleggjast mykje på førehand. Difor har dei konsentrert seg om dei husa som er naudsynte i gardsdrifta.

Ein kan ikkje berre halda vedlike eit hus fordi det er gammalt, det må ha ein funksjon, noko det ikkje har for oss, held Marit Langballe fram. Dei har tenkt både på utleige, pensjonat og anna huset kan nyttast til, men dei ser seg ikkje istand til å driva korkje uteige eller andre former for drift av det.

Av Ola Matti Mathisen